



Norsk Forbund for
Utviklingshemmede

Med fokus på
menneskerettigheter

RAPPORT lavterskel tilbud for barn og unge. Fitjar, 30.01.18

Midlane vi fekk i samband med søknad om midlar til lavterskel-tilbod til barn- og unge i vår organisasjon NFU, har gått til organisering og gjennomføring av friluftsarangement på ulike friluftsområde på øya Stord.

På kvart arrangement har vi knytta til oss eit anna lag (Idrettslag, Musikklag..) for å kunne satsa større. Vi har arrangert om lag 4 store friluftsarangement i 2017. Laga som har vore medarrangør har også bidradd økonomisk.

På alle desse samlingane har det vore innlagt lette turar, orientering, leik ,eller andre fysiske aktivitetar, tilpassa alle funksjonsnivå.

Det pleier å møta mellom 40-60 på kvart arrangement. På eitt av desse arrangementa var det over 100 deltakarar frå 0-80 år med og utan funksjonsnedsetjing. Det deltek om lag 20-30 utviklingshemma. Dei får tilpassa aktivitetar som dei kan meistra.

Vi har dessutan fokus på sunn mat på alle våre arrangement. Vi griller som regel fiskekaker og drikk vatn til på våre samlingar. På det siste julearrangementet vart det kokt havregraut.

Vi vektlegg også at ALLE skal med, slik at dette også vert eit viktig bidrag til inkludering. Vi skal ha neste arrangement i lag med orienteringsgruppa I Fitjar Idrettslag allereie 15.03.18.

Eg legg ved innkallingane til arrangementa, aktivitetsplanen vår, eit enkelt rekneskap og nokre bilete.

Me søker mange om midlar ,så det er svært krevjande å gå i detalj i desse rapportane samtidig som vi skal arbeida med å få til mykje aktivitet i tillegg til å arbeida politisk for å ivareta menneskerettane til desse medlemmane. Vi har likevel forståing for at de krev ein viss dokumentasjon.

Mvh Evy Skogedal

Leiar Nfu Stord/Fitjar